



Alice i eventyrland

Alice sat i skogen og tenkte. Brått kom det ein kanin hoppande forbi. Kaninen kikka på lommeuret sitt. «Å nei, no er eg for seint ute!» sa han. Så hoppa han ned i eit hol.

Alice hoppa etter. Ho fall langt, langt ned. Det kjendest som ho svedde utruleg lenge. Kanskje ho kom til å falle gjennom heile jorda og ut på andre sida? Ho måtte hugse å spørje kva landet ho kom

til, heitte. «Orsak, er dette Australia eller New Zealand?»

Bump! Brått landa ho. Ho låg på ein haug av tørt lauv. Ho slo seg ikkje i det heile.

Alice såg kaninen hoppe av garde, og ho sprang etter han. Ho sprang inn i ei stove. Det var dører på alle veggene. Dei var låste alle saman. Ho fann ein liten gullnøkkel på eit bord. Med den prøvde ho å låse opp dørene. Til slutt fann ho ei dør der nøkkelen passa. Ho låste opp, og fann ein liten gang. Han var ikkje større enn eit musehol. Gangen gjekk ut i ein vakker hage. Men ho kunne ikkje gå inn, for ho var for stor. Ho kunne ikkje eingong få hovudet sitt ut. Tenk om ho kunne slå seg saman som ein kikkert!





Ho gjekk tilbake til bordet og fann ei flaske. På flaska stod det «DRIKK MEG». Ho drakk opp alt saman. Så sa ho: «No slår eg meg saman som ein kikkert.» Og det gjorde ho. Då var ho berre 30 cm lang. Dermed kunne ho gå gjennom gangen og ut i hagen. Det var berre eitt problem: Nøkkelen låg på bordet, og dit rakk ho ikkje opp.

Under bordet fekk ho sjå ei lita øskje. I øskja var det ei kake. «ET MEG», stod det på øskja. Ho åt kaka, og venta på at noko skulle skje. Dersom kaka gjorde henne større, kunne ho hente nøkkelen. Dersom ho gjorde henne mindre, kunne ho krype under døra. Men det skjedde ingenting. Ho tok ein bit til, og så var kaka oppeten.

Oppgåver:

Sjå Elevbok 6A side 82.

Gjer oppgåvene 1, 2, 3, 4, 6, 7, 8.